

Uttale frå elevrådet ved Bæverfjord skule 24/25 om forslag om endring i skulestruktur

Vi tykkjer det er rart at det går an å spare mykje pengar visst det trengst å byggast på i Surnadal, og det kostar meir med buss. Og kva med skulehuset? Er ikkje det bortkasta plass om det står tomt?

Det går utover mykje

Det er dumt for elevane på SUBUS, som får det enda trongare og kaotisk. Det blir for tett med folk i Surnadal, kanskje ikkje så mange vil bu der heller. Det går utover kommunen. Det blir ein tammare plass, og det blir mykje meir køyring.

Visst det ikkje blir skule her, vil ikkje vi bo her med ungane våre. Vi vil ikkje at dei skal reise så mykje med buss.

Det er dumt for grendene når det ikkje vil bo unge folk der. Det er dumt for vaksne og gamle i grendene. Det skjer det mindre der dei bur. Det blir sikkert ikkje strikke-cafe og 17. mai-feiring når ungane er på Skei. Det blir kanskje ikkje fotballag og idrettslag når ungane likevel går på skule i Surnadal, og kan bli med på lag der. Når ungane i grendene ikkje går på skule nære og i lag i same klasse, blir dei ikkje like godt kjent, og det blir ikkje likeins nabomiljø.

Lærarane våre mistar jobben sin. Sjølv om dei får anna jobb, så mistar dei akkurat denne jobben som dei likar så godt. Vi mistar lærarane våre, som vi kjem til å savne.

Foreldra må køyre meir eller vere bekymra for ungane som har lite fri og mykje buss.

Bussturen blir kjempedryg. Dei ungane i barnhagane som bor lengst bort i Bøfjorden og lengst inn i Bøverdalen, må ta buss heilt frå dei er 5-6 år. Dei må ta buss i ti år, før vidaregåande.

-to timar kvar dag

-190 dagar i året

-3800 timar

-158 døgn

-22 og ei halv veke

Mange av dei som går i barnehagen no skal ta sitte på buss like lenge som dag og natt i eitt strekk i mesta tre sommarferiar! Det er kjedeleg, drygt og det blir lite fri til å leike. Det er ikkje greitt!

Vi slepp å ta så lang busstur visst vi går her. Vi får meir fritid og blir godt kjent med dei som bor nærast. Vi blir kjent i nærmiljøet. Det er urettferdig at det skal gå utover oss ungane i grendene. Det er ikkje vi som har sløsa. Ikkje legg ned skulen vår!

No er det nok! De må stoppe! Vi vil gå på vår skule!

Vi er framtida!

Helsing

Elevrådet ved Bæverfjord skule, våren 2025

Bjørn Tore Svensli (leiar), Emrik Haugen Nessæther (nestleiar), Harald Aasbø, Live Bævre, Liv Aurora Riksheim, Lukas Täringskog og Maja Bævre